

Våt opning på sanden

Om lag ti år etter dei første planane om sandvolleyballbane kunne KFUM Volda gjennomføre offisiell opning laurdag.

VOLDA. Det regna trollkjerringar, og publikum stod tett i tett under paraplyar, då Volda-ordførar Ragnhild Aarflot Kalland tok den første serveren på den nye volleyballsanden på Årneset laurdag føremiddag.

– Dette har vi venta på lenge. Med desse to sandvolleyballbanene har vi fått ein ny attraksjon i Volda, sa ordføraren.

Ball og bading. KFUM fann tidleg ut at Årneset var den mest passande staden i Volda å leggje til rette for sandvolleyball. Men prosessen med å realisere banene, var området regulert til jordbruk, og dermed stoppa det der. Då kommunen noko seinare kom inn som samarbeidspartnar, vart området på Årneset regulert til kommunalt friområde, og i fjor vart det gjort vedtak om å oreigne eit areal til sandvolleyball. I tillegg til dei to nye banene er det ein fint opparbeidd badeplass på Årneset, med leikeapparat, toalett, flytebyggje og stupeplattform ute i Rotevatnet. Ifølgje ordførar Kalland skal Årneset gjerast endå betre, mellom anna med båtar og betre parkering.

– Føresetnaden både frå vår og kommunen si side har heile vegen vore at sandvolleybanene skal vere del av det offentlege friområdet. Alle som vil, skal kunne kome hit og nytte seg av tilbodet,

seier Torgeir Dimmen i KFUM Volda si banenemnd.

Han rosar kommunen sitt arbeid for å realisere sandvolleybanen, og trekkjer spesielt fram kommunegartnar Torgeir Stensø som ein pådrivar.

Halv million. Det er KFUM Volda som har kosta sjølve utbygginga av sandvolleybanene, og det er også klubben som skal stå for drift og vedlikehald. Volda kommune eig grunnen som banene er bygde på. Prislappen for bygging av anlegget er om lag 500 000 kroner, pengar som er komne til ved støtte frå lokale bankar, frå tippemidlar, og midlar frå næringslivets kulturfond. I tillegg har KFUM Volda teke opp eit lån.

Rekruttering. Sandmattene på Årneset har internasjonale standardmål, og sand og nett med kvalitet tilrådd av volleyballforbundet. Dimmen ser føre seg at ein kan ha turneringar og meisterskapar på banene, og trur at satsinga på sand er eit viktig rekrutteringstiltak for volleyballsporten.

– Vi har fått eit kjempebra anlegg. Å spele her på sanden er sosialt og kjekt. Eg håper dei nye banene gjer at fleire finn ut at volleyball er ein fin sport. Sandvolley er tyngre enn å spele innandørs, men det er bra trening og veldig artig, seier Ingrid Festø (14), som er aktiv volleyballspelar.

HILD NORDAL
hild.nordal@smp.no